



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
20.04.2017
Dykkar dato
14.03.2017

Vår referanse
2015/2071- 561
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til ny søknad om Øvre Kvemma kraftverk, Lærdal kommune

Vi viser til oversendinga 14.3.2017 med ny søknad for Øvre Kvemma kraftverk.

Hovudforskjellen i høve til søknaden som NVE av slo 17.2.2017, er at Volldøla er utelatt, og at ei utbygging av Øvre Kvemma er planlagt veglaust og med vassveg i fjell på mykje av strekninga. Ei utbygging vil gi eit årleg energiutbytte på 18,7 GWh, til ein utbyggingspris på 4,20 kr/kWh.

Miljøvernfarelege merknader

I høyringsfråsegna vår 3.6.2016 til søknaden som omfatta utbygging av både Øvre Kvemma og Volldøla, rådde vi frå å gi konsesjon på grunn av store konsekvensar for allmenne interesser. Grunngevinga var at prosjektet ville «..føre til inngrep i to naturtypelokalitetar av typen bekkekløft og redusert vassføring som vil påverke tre fossesprøytsoner. Ei av bekkekløftene og ein av fossesprøytsonene er av regional verdi (B). Bekkekløfta som er gitt verdi C har fått denne verdivurderinga på grunn av manglande funn av raudlista artar, men den er berre delvis undersøkt. Overføringa av Volldøla vil sterkt redusere vassføringa i ei elv med fleire fossefall som er viktige landskapselement sett frå hovuddalen. Rørtraseen og vegen ved Kvemma vil også påverke turopplevinga på det meste av turstien frå bygda til fjellterreng. Vidare er inntaket planlagt rett ved bru der stien kryssar elva, i eit fosselandskap.»

I grunngevinga for avslaget på konsesjonssøknaden la NVE særleg vekt på at ei utbygging «vil gi store negative konsekvenser for landskapet, både med direkte inngrep langs Øvre Kvemma og ved fraføring av vann, da særleg fra Volldøla.» Vidare vart det lagt vekt på at utbygginga vil føre til konsekvensar for biologisk mangfald i bekkekløfter, og at den samla belastninga på bekkekløfter i Lærdal ville verte for stor dersom det vart gitt konsesjon. Dei negative konsekvensane ved ei utbygging vart vurderte som betydelege, «både i seg selv og sett i sammenheng med konsekvenser av øvrig kraftutbygging i kommunen.»

Utifrå det som er sagt ovanfor om vurderingane til både Fylkesmannen og NVE av det opphavlege prosjektet, er dei negative konsekvensane av den endra planen reduserte samanlikna med søknaden som vart avslage. Det er positivt at dei fysiske inngrepa ved Øvre Kvemma vert avgrensa til inntaksområdet, med sjølve inntaket tilknytt 50 meter røyrgate fram til tunnelinnslaget. I nedre del av området vil røyrgata frå tunnelpåhogget og vidare til kraftstasjonen i hovudsak verte lagt gjennom dyrka mark i god avstand til elva, medan vatnet elles vil gå i tunnel. Volldøla vert spart for fysiske inngrep, og vil framleis ha naturleg vassføring.

Både bekkekløfta (verdi viktig, B) i Øvre Kvemma og området ved turstien på austsida av elva vert dermed spart for direkte inngrep, men fråføringa av vatn vert derimot større (slukeevne 250% av middelvassføringa) enn for hovudalternativet i den opphavlege søknaden (alt. 1: 211% av

middelvassføringa; alt. 2 og den endra søknaden: 250% av middelvassføringa). Vi kommenterte i høyringa at eit vassuttak på 250% av middelvassføringa er høgare enn det som har vore vanleg for småkraftprosjekt som har fått konsesjon dei seinare åra (200-220%). Tiltaket vil vidare generere om lag 50000 m³ overskotsmasse.

I denne saka meiner vi det er spesielt viktig å ta omsyn til samla belastning for naturtypen bekkekløft og artsmangfaldet her. Som nemnt i fråsegna vår til den opphavlege søknaden, er talet på verdifulle, lite påverka bekkekløftlokalitetar i Sogn og Fjordane relativt lite, ut frå det ein kunne forvente med tanke på naturgrunnlaget. Ut frå dette, og at to av dei tre mest verdifulle bekkekløftene i Lærdal allereie er fråført vatn, og vidare at Lærdal synest å vere eit «bekkekløft-hotspot» på Vestlandet, skriv NVE i «Bakgrunn for vedtak – Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk» at det vil være uheldig å bygge ut bekkekløftene i både Øvre Kvemma, Volldøla og Kuvelda. Vi konstaterer at det no er gitt konsesjon som vil føre til at dei to bekkekløftene i Tynjadalen/Kuvelda (Trodleliholet og Trollelii-Tynjadalsbotn) begge vert fråført vatn. Den samla belastninga på bekkekløftene i kommunen har etter vårt syn no vorten så stor, at situasjonen tilseier enda større fokus på dei resterande bekkekløftlokalitetane og bruk av føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9.

Sjølv om dei raudlisteartane som er påviste i Kvemma ikkje er blant dei aller mest fuktkrevjande, er bekkekløfta ikkje godt undersøkt, og vi deler NVE sitt syn på Øvre Kvemma i «Bakgrunn for vedtak – Tynjadalen og Fosseteigen kraftverk», om at *«sammenlignet med Trodleliholet er kløfta i Øvre Kvemma mer lukket, den ligger lavere og er i større grad avhengig av elva for å opprettholde forekomsten av fuktkrevende arter.»*

NVE si saksbehandling av Lærdals-pakka viser at av ni bekkekløfter i Lærdal kommune, er det berre ei av tre med A-verdi som ikkje er fråført vatn (Sendedalen), og av fire med B-verdi er det også berre ei bekkekløft igjen (Jutlaelvi) i tillegg til Øvre Kvemma. Så vidt vi kan sjå, er ikkje Ofta rekna med i oversikta; i det vassdraget ligg også ei bekkekløft med B-verdi som vil bli fråført vatn. Ut frå dette, og dei momenta som er nemnde ovanfor, vil det etter vårt syn vere svært uheldig om det vert gitt konsesjon til å byggje ut Øvre Kvemma også etter dei nye planane. Av til saman ti bekkekløfter i Lærdal vil da berre ei av nasjonal verdi (A) og ei av regional verdi (B) vere upåverka av kraftutbygging (i tillegg til to av lokal verdi).

Landbruksfaglege merknader

Røyrigata frå tunnelpåhogget til kraftstasjonen vert i hovudsak lagt på areal klassifisert som innmarksbeite, som ber preg av aukande attgroing. Så lenge arealet vert stelt i stand att etter røyrigata er lagt på plass, vil vi ikkje ha avgjerande merknader til arealbruken. Ut av kartet på side 5, fig. 2, går det fram at riggområdet er plassert på fulldyrka areal på sørsida av driftsbygningen på bruket, og at også det planlagde tippområdet vil kome i berøring med dyrka jord. Vi er kritiske til å bruke dyrka mark til tipp- og riggområde samt til anleggsveg, og vil på det sterkaste rå til at det vert vurdert og valt andre lokaliseringalternativ. Dersom anleggsarbeidet likevel vil omfatte produktivt jordbruksareal, legg vi til grunn at matjord vert skilt frå undergrunnsmassar i samband med gravearbeidet, og at massane vert tilbakeført på ein agronomisk forsvarleg måte.

Fylkesmannen si tilråding

Fylkesmannen rår frå at det vert gitt konsesjon til Øvre Kvemma kraftverk også etter dei nye planane. Ei utbygging vil redusere verdien av ein regionalt viktig bekkekløft i eit nasjonalt viktig område for naturtypen, der mange lokalitetar allereie er påverka av kraftutbygging. Etter at det no er gitt

konsesjon som vil påverke to andre viktige lokaliteter i Tynjadalen, vil fråføring av vatn frå Øvre Kvemma føre til for stor samla belastning på naturtypen bekkekløft i regionen.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Lærdal kommune